



MØTEPROTOKOLL

A

Utval: Ulstein kontrollutval
Møtestad: Ulstein rådhus, møterom Ulstein
Dato: 05.03.2019
Tid: 12.00 – 15.30

Faste medlemmer som møtte:

Namn	Funksjon
Ivar Mork	Leiar
Asbjørn Gausdal	Nestleiar

Faste medlemmer som ikkje møtte:

Jon Åge Eidem	Medlem
Berit Lyngstad	Medlem
Mary Kleven Brekke	Medlem

Varamedlemer som møtte:

Namn	Møtte for
Håkon Waage	Berit Lyngstad
John Osnes	Jon Åge Eidem

Frå Vest kontroll møte:

Namn	Stilling
Jostein Støylen	Dagleg leiar Vest Kontroll
Karoline Sighaug	Konsulent

Frå Søre Sunnmøre kommunerevisjon IKS møte:

Namn	Stilling
Halldis Moltu	Oppdragsansvarleg revisor.

Frå administrasjonen møte:

Namn	Stilling
Rune Urke	Daglig leiar i UKF. I sak 13.

SAKLISTE

SAK 09/19 GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKLISTE.
MØTEPROTOKOLL

SAK 10/19 GODKJENNING AV MØTEPROTOKOLL FRÅ SISTE MØTE

SAK 11/19 MELDINGAR

SAK 12/19 GJENNOMGANG AV MØTEPROTOKOLLAR 2019

SAK 13/19 OREIENTERING ULSTEIN ARENA

SAK 14/19 KONTROLLRAPPORT – ÅRSRAPPORT 2018
SKATTEOPPKREVJARFUNKSJONEN

DRØFTING

Saksnr.:	Arkivnr.:	Dato:	Møtedato:	Saksbehandlar:
09/19	033	29.01.2019	05.03.2019	KS

GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKLISTE. MØTEPROTOKOLL

Samrøystes vedtak

1. Innkalling og sakliste vert godkjent.
2. Til å skrive under møteprotokollen saman med leiaren vert vald Asbjørn Gausdal.

Saksnr.:	Arkivnr.:	Dato:	Møtedato:	Saksbehandlar:
10/19	049	29.01.2019	05.01.2019	KS

GODKJENNING AV MØTEPROTOKOLLEN FRÅ SISTE MØTE

Samrøystes vedtak

Kontrollutvalet godkjenner møteprotokollen frå møtet 23.01.2019.

Vedlegg

Møteprotokollen frå møtet 23.01.2019.

Saksnr.:	Arkivnr.:	Dato:	Møtedato:	Saksbehandlar:
11/19	033&17	21.02.2019	05.03.2019	KS/JS

MELDINGAR

Samrøystes vedtak

1. Kontrollutvalet viser til vedlegg 4 Eigarskapsmelding 2018 (kommunestyresak PS 18/78). Kontrollutvalet vil gjere merksam at det ikkje er samsvar mellom oppsummeringa i saksutgreiinga og rekneskapan som ligg i eigarskapsmeldinga vedkomande Ulstein Kurs og konferansesenter AS.
2. Kontrollutvalet tek meldingane elles til vitende.
3. Kontrollutvalet vil gjere merksam på Forvaltningslova §6.ledd bokstav e: Ein leiar eller ein som har ei leiande stilling eller medlem av eit styre eller bedriftsforsamling er ugild til å legge til rette grunnlaget for ei avgjer eller å treffe avgjer i ei forvaltningssak.
Ut frå dette bør det visast varsemd med å velje sentrale politikarar eller tilsette i styreverv.

Vedlegg

1. Sivilombudsmannen, publisert 08.01.2019 «Lukking av møter i kommunestyret og formannskapet».
2. Interkommunalt PPT samarbeid i 4 kommunar. Sjå vedlegg.
3. Vestlandsnytt 1. februar 2019. Nytt interkommunalt samarbeid mellom Herøy, Vanylven og Ulstein, «Felles skattekontor».
4. Kommunestyresak PS18/78 Eigarskapsmelding 2018, utsett sak frå forgje møte.
5. Fagkonferanse og årsmøte 2019.
6. E-post «Invitasjon til høring – ny kontrollutvalgs- og revisjonsforskrift».

7. E-post «FKT- Høringsutkast – Veileder – Kontrollutvalgets påse- ansvar ovenfor regnskapsrevisor».

I møtet

Meldingsvedlegg 4 vert å ta opp til drøfting etter sak 13/19.

Vedtak i sak 11/19 vert å ta når drøfting er ferdig.

Saksnr.:	Arkivnr.:	Dato:	Møtedato:	Saksbehandlar:
12/19	033&58	07.02.2019	05.03.2019	KS

GJENNOMGANG MØTEPROTOKOLLAR 2019

Samrøystes vedtak

Kontrollutvalet har, på nåverande tidspunkt ingen merknadar.

Saksopplysning

For best mulig kontroll må ein vere oppdatert om kommunen, gjennomgang av møteprotokollar og saker er ein viktig del av dette. Ved gjennomgang bør ein og særleg sjå etter formelle feil (habilitet, lukking av møte osv.).

Dokumenta finn ein på Ulstein kommune si heimeside - <https://innsyn.ssikt.no/ulstein/dmb>

Møteprotokollar til gjennomgang (merka med feit skrift):

Kommunestyret	24.01 21.02
Formannskapet	15.01 23.01 12.02
Administrasjonsutvalet	
Teknisk utval	07.02
Ungdomsrådet	
Valnemnda	
Valstyret	
Viltnemnda	16.01
Levekårsutvalet	06.02
Nammenemnda	
Styret for Ulstein Eigedomsselskap KF	21.01 06.02
Skattetakstnemnda	
Klagenemnd eigedomskatt	
Politisk- administrativ leiarforum	
Formannskapet som klageorgan	
Fellesrådet for eldre og msk med nedsett funksjonsevne	05.02
SSR IKS – styret	Sendt til leiar
SSR IKS – representantskapet	Sendt til leiar

Saksnr.:	Arkivnr.:	Dato:	Møtedato:	Saksbehandlar:
13/19	030&18	21.02.2019	05.03.2019	JS

ORIENTERING ULSTEIN ARENA

Samrøystes vedtak

Orienteringa frå dagleg leiar vert teken til vitende.

Vedlegg

Ingen

Saksopplysningar

Dagleg leiar i UEKF orienterer i møtet.

I møtet

Dagleg leiar i UEKF Rune Urke orienterte. Ein er enno ikkje kome heilt i mål. Håpet er at ein kan få fram byggerekneskap og sak til kommunestyret i juni 2019.

Saknr.:	Arkivnr.:	Dato:	Møtedato:	Saksbehandlar:
14/19	232	22.02.2019	05.03.2019	KS/JS

KONTROLLRAPPORT – ÅRSRAPPORT 2018 SKATTEOPPKREVJARFUNKSJONEN

Samrøystes vedtak/uttale

1. Kontrollutvalet har ingen merknader til Skatteetaten sin kontrollrapport, Skatteoppkrevjaren sin årsrapport, Skatterekneskapen og Årsmeldinga for interkommunal arbeidsgivarkontroll 2018.
2. Kontrollutvalet meiner at kommunen må stille krav om at den Interkommunale arbeidsgivarkontrollen utfører talet på årlege kontrollar i samsvar med Skatteetaten sine krav.

Vedlegg

- Kontrollrapport 2018 frå Skatteetaten, av 15.02.2019.
- Årsrapport 2018 Skatteoppkrevjaren, av 23.01.2019.
- Årsrekneskap 2018 for skatterekneskapen, av 23.01.2019.
- Årsmelding Interkommunal arbeidsgivarkontroll 2018, av 17.01.2019.

Saksopplysningar

Det vert vist til kontrollrapporten frå Skatteetaten, årsrapporten frå Skatteoppkrevjaren og skatterekneskapen.

Fylgjande kjem fram av vedlagde dokument og særleg skatteetaten sin kontrollrapport:

Tilfredsstillande:

- Overordna internkontroll
- Rekneskapsføring, rapportering og framlegging av årsrekneskapen
- Utføringa av innkrevjingsarbeidet og oppfølginga av restansane.
- Utføringa av arbeidsgivarkontrollen

Ikkje tilfredsstillande:

- Årsrekneskapen og årsrekneskapen fekk ikkje skattekontoret innan fastsett frist 20.01.2019.
- Arbeidsgivarkontroll er ikkje utført i tilstrekkeleg omfang 2,8% (10 kontrollar mot krav på 18) (2,5% i 2017 og 2,3 % i 2016), medan kravet var 5%. Kontrollane er utførte av den interkommunale kontrollordninga ved Nordre Sunnmøre kemnerkontor.

I den interkommunale kontrollordninga sin årsmelding kjem det fram at det har vore eit år med fleire tilsetningar og noko sjukefråvær som har prega resultatet. Det kan likevel stillast spørsmål om den interkommunale arbeidsgivarkontrollordninga er tilfredsstillande når dei ikkje greier å levere opp til målsetjinga på talet kontrollar.

Innkrevjinga:

- Skatteoppkrevjar vurderer resultatata som gode i årsrapporten. Det vises til at mykje av restansane for upersonlige skattytarar er meldt som konkursbu, som gjer at innkrevjingsresultata for desse skatteartane vart dårlige.

Skatteinngangen:

- Kommunen sin del av skatteinngangen i 2018 var kr. 262.419.850. I 2017 var den kr. 249.381.248. Dvs. ein auke på kr. 13.038.602, eller om lag 5,23%.

DRØFTING

Kontrollutvalet drøfta vidare saksgang i saka dei har fått i oppdrag i sjå på av kommunestyret, sak 19/4:

«Ulstein kommunestyret ber kontrollutvalet sjå på tilskotsberekninga for dei ikkje-kommunale barnehagane for åra 2012 til og med 2018.»

Kontrollutvalet har merka seg at kommunen for dei gjeldande åra, i følgje rådmannen, har kommunen rammeavtale med Telemarksforskning på utarbeiding av rekneark for utmåling, samt bistand utover dette.

Kontrollutvalet ber rådmannen/administrasjonen utarbeide ei oppstilling som viser det opprinnelege berekna tilskotet til private barnehagar for åra 2012 til 2018 samanhalde med dei nye berekningane. Årsak til avvik må gå fram av oppstillinga. Prøvbar underdokumentasjon må leggjast ved oppstillinga.

Møtettet slutt.

Ivar Mork
Leiar

Asbjørn Gausdal
Nestleiar

Utskift til: Kommunestyret som melding.
Kontrollutvalet for godkjenning i neste møte.

Ordfører og rådmann til orientering.
SSKR IKS til orientering.